



Kommune- og regionreforma
Moglege konsekvensar for nynorsk målform

Innholdsliste

Samandrag	3
LNK meiner	4
Prosess	5
Oppgaver	6
Folketalsprinsippet	7
Rattsø-modellen	8
Kor stor skal ein kommune vera?	8
Interkommunalt samarbeid	10
Økonomi	10
Språkpolitiske konsekvensar	12
Aktuelle samanslåingar i «LNK-regionar»:	15
Oppland	15
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	17
Buskerud	18
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	18
Telemark	19
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	20
Agder	21
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	22
Rogaland:	23
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	25
Hordaland	26
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	27
Sogn og Fjordane	29
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	30
Møre og Romsdal	31
<i>Fylkesmannen sitt framlegg:</i>	32
Regionreforma:	34
Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland	36
Telemark, Buskerud og Vestfold	38
Hedmark og Oppland	39
Møre og Romsdal	40

Samandrag

Debatten om den norske kommunestrukturen er eit tema som dukkar opp med jamne mellomrom. Etter at Schei-komiteen la grunnlaget for ei stor omorganisering tidleg på 60-talet, har ei rad ulike utval og komitear arbeidd med omorganisering av norske kommunar. Nokre få kommunar har slått seg saman på egne initiativ.

Regjeringa ønskte eit nytt kommunekart, med monaleg færre kommunar enn i dag. Målet var å gå frå 428 til rundt 100. Resultatet etter handsaminga i Stortinget 8. juni 2017 og desember 2017 er blitt 356 kommunar.

Få av dei nye store oppgåvene som kommunane eventuelt skulle få, og som kunne gjort samanslåingar nødvendige og ønskjelege, er enno ikkje konkretiserte. Dei to rapportane som Vabo-utvalet la fram, var påfallande vage når dei drøfta kva nye oppgåver som kan vera aktuelle. Stortingsmeldinga som presenterte nye kommunale oppgåver (*Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*) kom i mars 2015, og lista opp ei rekkje mindre ansvarsområde som kunne overførast til kommunane, eller som kunne vurderast eller utgreiast om skulle overførast til kommunane.

Vabo-utvalet konkluderte med at idealstorleiken for ein norsk kommune for å kunna yta gode tenester ville vera 15 - 20 000 innbyggjarar. Dette vart ikkje følgd opp i regjeringa sitt vidare arbeid med reforma.

Styret i LNK har bedd administrasjonen om å greia ut kva språkkonsekvensar reforma ville få. Resultatet av reforma så langt, viser at det blir færre samanslåingar som vil ha språklege konsekvensar enn det ein såg for seg i utgangspunktet.

LNK har sidan oppstarten i 1993 fått ei årvisst statleg løyving frå Kulturdepartementet. I 2015 vart denne løyvinga flytta til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) etter initiativ frå Stortinget. Føringa var at organisasjonen skulle passa på at kommunereforma ikkje skulle føra til negative konsekvensar for nynorsken i kommunane. I ein periode har KMD såleis vore ein viktig aktør, også i språkspørsmål. Departementet har ansvaret for Kommuneproposisjonen, der det i 2015 vart understreka at kommunereforma ikkje skal ha negative følgjer for samisk og nynorsk.

Frå og med driftsåret 2018 er heile driftstilskotet til LNK igjen løyvd frå kulturbudsjettet.

Kommunane hadde frist fram til 1. juli 2016 med å utgreia og bestemma seg for kven dei ville slå seg saman med – eller om dei føretrakk «0-alternativet», altså å gå vidare som eigen kommune. Fylkesmennene gav sine tilrådingar om framtidig kommunestruktur i sine respektive fylke hausten 2016.

Regjeringa sikra i avtale med Venstre, den 22.02.17, fleirtal for reforma og la fram ein proposisjon om kva kommunar som skulle slå seg saman våren 2017. Avtalen med Venstre førte til at nokre kommunar også vart slått saman med tvang. Dei nye storkommunane skulle vera på plass innan 1. januar 2020. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt opplegg for kommunesamanslåing i møte 8. juni 2017.

Ut frå vedtaka som er gjort om frivillige samanslåingar, regjeringa sin avtale med Venstre og vedtaket i Stortinget, ser dei språkpolitiske konsekvensane av kommunereforma ikkje ut til å bli store. For nokre kommunar vil nok samanslåingane lett føra til at nynorsken blir ytterlegare svekka. Finnøy (nn) og Rennesøy (nø) har slått seg saman med Stavanger (bm). Forsand (nn) har slått seg saman med Sandnes (nø). Bø (nn) har slått seg saman med Sauherad (nø). Nesset (nn), Midsund (nø) og Gjemnes (nø) har slått seg saman med Molde (nø). Regjeringa sin avtale med Venstre førte i tillegg til at Haram (nn) er tvangssamanslått med Skodje (nn), Sandøy (nn), Ørskog (nn) og Ålesund (nø).

I tillegg sikra regjeringa, den 22.02.17, med støtte frå Venstre og Krf, fleirtal for regionreforma. Også her er fleire fylke slått saman mot sin vilje. Stortinget vedtok også 8. juni 2017 at landets 19 fylke skal slå seg saman til 11 regionar. Nordland, Møre og Romsdal, Rogaland og Oslo held fram som før.

I slutten av dokumentet er nokre få samanslåingsalternativ for kommunane i dei ulike fylka og samanslåing av enkelte fylke til regionar skildra. Det er laga eit kort samandrag om status i kvart fylke over kva kommunar som har vedtatt å slå seg saman. I tillegg er status i regionreforma tatt med.

LNK meiner

- LNK meiner at prinsippet om generalistkommunen skal førast vidare og er for frivillige endringar i kommunestrukturen, om nye oppgåver til kommunar og fylkeskommunar gjer dette naturleg og nødvendig. LNK kan ikkje sjå at dei nye oppgåvene som har blitt presentert så langt tilseier trong for kommunesamanslåingar, men ser at nokre kommunar truleg vil kunna levera betre tenester til innbyggjarane dersom dei hadde vore større. Dette må likevel vegast opp mot risikoen for eit svakare folkestyre.

-Ein viktig premiss for LNK er at kommunane og KMD tek omsyn til språkpolitiske konsekvensar av eventuelle samanslåingar.

-I nye (og eksisterande) språkdelte kommunar må det leggjast til rette for obligatoriske språkkurs for administrasjonen, slik at kommunane blir reelt tospråklege og såleis kan levera gode, klare og språkleg korrekte tenester til innbyggjarane sine. Slike tenester kan LNK ta på seg å levera.

-Kommunesamanslåingar i språkdelte område kan lett føra til nye språknøytrale kommunar. Dette inneber at administrasjonen kan nytta bokmål sjølv om fleirtalsforma i kommunen er nynorsk. Over tid kan dette svekkja nynorsk språk.

-LNK har følgd opp enkeltprosessar i språkdelte område, - oppmoda til å sikra framtida til nynorsken i forhandlingane om ny kommune og ved å tilby si hjelp som rådgjevar i dette arbeidet. LNK har utarbeidd eigne malar for språkbruksplanar som kan brukast i arbeidet for nynorskkommunar og for tospråklege kommunar.

Prosess

Regjeringa fekk 18. juni 2014 fleirtal i Stortinget for forslaget sitt til kommunereform. Det var brei politisk semje om hovudlinjene i reforma. Regjeringa oppmoda deretter alle landets kommunar om å drøfta eventuelle samanslåingar med nabokommunane, og dermed var arbeidet med kommunereforma i gang.

Bakgrunnen for reforma er at regjeringa ønskjer færre kommunar enn 428. Argumentasjonen var i utgangspunktet at småkommunane ikkje klarar å gi innbyggjarane sine gode nok tenester på alle område. Diskusjonen har likevel i liten grad dreidd seg om oppgåveløysing og kommunane sine framtidige utfordringar i høve dette, men har i større grad bygd på kjensler og om dei mindre kommunane vil greia seg økonomisk i framtida.

Reforma var tema allereie ved kommunevalet i 2015 og 14 kommunar gjennomførte folkerøystingar på valdagen. Seinare er det gjennomført folkerøystingar og/eller innbyggjarundersøkingar i eit stort fleirtal av kommunane. Mange av desse er mellom LNK sine medlemmer. Folkerøystingane viser at det er stor motstand til samanslåing i mange av dei mindre kommunane, medan innbyggjarane i dei større kommunane er positive.

Fylkesmennene har fått ekstra løyvingar frå staten for å hjelpa kommunane i prosessen med samanslåingar (prosessrettleiarar). Fylkesmennene sine tilrådingar er tatt inn i dokumentet under dei respektive fylka.

Regjeringspartia la 22. februar 17 fram ein avtale, med støtte frå Venstre, om tvangssamanslåing av nokre kommunar i tillegg til dei kommunane som gjensidig hadde gjort vedtak om frivillige samanslåingar. Regionreforma er også ein del av avtalen. Dette punktet er også støtta av Kristeleg Folkeparti i tillegg til Venstre. Regjeringa sikra med denne avtalen fleirtal i Stortinget for den nye kommune- og regioninndelinga. I mars 17 gjorde også Flora kommune og Vågsøy kommune vedtak om å slå seg saman.

Fleire av opposisjonspartia på Stortinget har signalisert, både før og etter at avtalen mellom regjeringa og støttepartia vart inngått, at dei er mot tvangssamanslåing av kommunar og fylke. Dei vil opna for endring av slike vedtak, om dei kjem i posisjon etter valet i 2021.

Regjeringa la 5. april 2017 fram ein proposisjon om kva kommunar som skal slå seg saman og nye oppgåver til kommunane. Dei nye storkommunane skulle vera på plass innan 1. januar 2020.

Stortinget slutta seg 8. juni 2017 seg til proposisjonen frå regjeringa. Kommunereforma blei handsama av Stortinget på nytt i desember 2017 og talet på kommunar blir etter dette redusert frå 428 til 356 kommunar.

Stortinget vedtok også same dag at landets 19 fylke skulle slå seg saman til 11 regionar. Nordland, Møre og Romsdal, Rogaland og Oslo skal halde fram som før. Sør- og Nord-Trøndelag slo seg saman 1. januar 2018. Resten av fylkessamanslåingane skjedde frå 1.1.2020.

Oppgåver

Kommunal Rapport spurte i juli 2015 alle norske rådmenn kva oppgåver dei helst såg vart delegerte til kommunenivå etter ei strukturendring. På topp kom det å behalda skatteinnkrevjing i kommunane, men også arealplanlegging (delegert frå fylke og stat), kultur (delegert frå staten/fylkesmannen), miljø og landbruk (delegert frå staten/fylkesmannen) m.m. Den kommunale skatteinnkrevjinga vart likevel i 2019 vedtatt overført til staten.

Rapportane frå Vabo-utvalet og oppgåvemeldinga (mars 2015) inneheld svært få døme på konkrete, større ansvarsområde som kan flyttast til kommunane. Særst få av dei nye oppgåvene som kommunane skulle få, og som kunne ha gjort samanslåingar nødvendige og ønskjelege, er konkretiserte. Om mange av dei mindre oppgåvene som vart nemnde heiter det skal vurderast eller utgreiast om dei kan flyttast. Fleire forskarar, mellom anna professor Martin Øgård, har reagert på at Oppgåvemeldinga heller ikkje drøfta økonomiske konsekvensar av å flytta dei oppgåvene som **var** aktuelle.

Mange har hevda at kommunesamanslåingar har sett ut til å vera målet – ikkje eit middel for å få til betre tenestetilbod til innbyggjarane .

I lovproposisjonen som regjeringa la fram 5. april 2017 er tannhelsetenesta, forsøk med distriktpsikiatriske senter, vilt- og innlandsfiskeforvaltning, kollektivtransport til store kommunar på visse vilkår, vigselmynde, notarialforretningar og hittegoods blant oppgåvene kommunane kan få.

Folketalsprinsippet

«Robuste» kommunar vart det nye honnørordet i 2014. Kommunane måtte ha ein viss storleik for å løysa oppgåvene sine og gje innbyggjarane gode nok tenester.

I rapporten frå eit ekspertutval, sett ned av KMD og leia av professor Signy Vabo, vart det konkludert med at idealstorleiken for ein norsk kommune vil vera om lag 20 000 innbyggjarar.

Dette med 15 – 20 000 innbyggjarar som kommuneideal er i tråd med dei tala nestoren i norsk kommuneforsking, professor Harald Baldersheim, har kome fram til tidlegare. Men Baldersheim sjølv ser ut til å ha snudd i saka. Baldersheim har ved fleire høve den siste tida tala varmt om kvalitetane i mindre kommunar. I artikkelen «Lokaldemokrati i hopehavsfella – og veggen ut» (SYN og SEGN 1.17) skriv Baldersheim at lokaldemokratiet i dag sit fast i hopehavsfella, som opnar seg på bakgrunn av diffus ansvarsdeling mellom nasjonale, lokale og regionale styringsnivå – og som igjen leier til spiralar av ansvarsfråskriving og feilinvesteringar. Veggen ut av fella er ikkje større kommunar, men sterkare regionar, ifølge Baldersheim.

Sett frå ein nynorsk ståstad: Dersom folketalsprinsippet *åleine* var lagt til grunn, ville ikkje ei kommunereform nødvendigvis fått så store konsekvensar for nynorsken i kommunane, og heller ikkje for organisasjonen LNK, bortsett frå

kanskje i språkdelte område som i Romsdal, på Nordmøre, i Valdres og Buskerud. Dette er område der det må setjast i verk særskilde tiltak for å sikra nynorsk språk – men det bør også skje uavhengig av kommunereforma.

Sjølv om det blir lagd stor vekt på folketal, argumenterer den første Vabo-rapporten samstundes med at kommunesamanslåing er nødvendig i veksande storbyområde, særleg med tanke på å få til heilskapleg infrastruktur og arealplanlegging.

Rattsø-modellen

I tillegg til rapportane frå ekspertutvalet bestilte KMD ein rapport frå professor Jørn Rattsø som legg endå meir vekt på kvifor det er nødvendig med samanslåingar rundt dei større byane. Jørn Rattsø var leiar i regjeringas produktivitetskommissjon, og legg vekt på at reforma bør sikra at dei store byane får rom til å utvikla seg og veksa vidare. Dersom dette prinsippet hadde blitt lagt til grunn for reforma, kunne nynorsk (og LNK som organisasjon) stått framfor store utfordringar i tida som kjem.

På årskonferansen til NHO, i januar 2015, var Rattsø ein av innleiarane. Organisasjonen la då fram gjennomarbeidde kart der dei største byane tok inn i seg mange omlandskommunar. NHO sitt ideal ville ha ført til store utfordringar for nynorsk som kommunalt administrasjonsspråk – fleire av dei største nynorskkommunane – til dømes rundt Bergen – hadde med ei slik reform i praksis blitt bydelar i Bergen. Tidlegare Arna kommune i Bergen har hatt det slik i 50 år og det er lite nynorsk att i Arna. Slike effektar kan me truleg også lett få av samanslåingane rundt Stavanger, Ålesund og Molde.

Medan NHO i utgangspunktet tenkte seg 100 kommunar har organisasjonen i august 2015 lansert eit framlegg der talet på framtidige kommunar er pressa ned i 77 – mange av desse samsvarar med tidlegare tiders fogderi. Hovudgrunnen til at NHO har engasjert seg så sterkt i kommunereforma ser ut til å vera posisjonering i samband med framtidig mogleg privatisering. Leiar i NHO service, Petter Furulund, seier det slik i eit intervju: «Små kommuner gjør det vanskelig å tjene penger på å drive velferdstjenester» og «Større kommuner gir bedre muligheter for private velferdsbedrifter» (*Klassekampen 2. april 2014*).

Kor stor skal ein kommune vera?

Dersom KMDs visjonar om at Noreg skulle redusera talet på kommunar frå 428 til 100 hadde vorte realiserte, ville Noreg hatt dei største (i areal) kommunane i

Europa utanom Sverige og Storbritannia. I Storbritannia, og kanskje spesielt i Skottland, hevdar mange at dei store kommunane (i areal) fører til eit demokratisk underskot og manglande politisk og sosialt engasjement i lokalsamfunna. Det blir rett og slett for langt å køyra til politiske møte og for tungvindt å halda på med lokalpolitikk. Dei lokalpolitiske sakene blir ikkje lenger «nære» og kontakten mellom politikarar og andre innbyggjarar i lokalsamfunnet ikkje så naturleg lenger. Norske kommunar er i dag ikkje spesielt små i europeisk samanheng.

Danmark gjennomførte ei stor kommunereform i 2008. Dei sit likevel att, etter reforma, med 100 kommunar i eit land som i areal er mindre enn Finnmark fylke. I følgje den danske professoren Roger Buch (http://www.rogerbuch.dk/Status_Kommunalreform_2014.pdf) har reforma i Danmark dessutan resultert i ein større og meir topptung administrasjon, dårlegare førstelinetenester og meir misnøgde innbyggjarar – og mange vil hevda at det heller ikkje har vore reelle innsparingar. Talet på folkevalde har gått ned. Når norske delegasjonar reiser til Danmark for å læra av dei erfaringane danskane har gjort seg, får dei ofte høyra det motsette – ofte frå representantar for den styrkte administrasjonsleinga (*Roger Buch på Landsmøtet i LLA i Bergen 2014*).

Kurt Houlberg ved forskingsinstituttet Kora, har saman med blant andre professor Jens Blom-Hansen og Søren Serritzlew ved Universitetet i Aarhus, undersøkt moglege stordriftsfordelar av kommunesamanslåinga i Danmark etter 10 år. Konklusjonen er at det ikkje er funnen nokon signifikant økonomisk gevinst for kommunane i Danmark som slo seg saman.

<http://www.altinget.dk/kommunal/artikel/og-gevinsten-ved-stordrift-blev-nul>

Innbyggjarundersøkingane (*2010, 2013 og 2015*) som Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har gjort, syner at det er innbyggjarane i dei små kommunane som er mest nøgde med kommunale tenester i Noreg, særleg på område som pleie- og omsorgstenester, oppvekst- skule- og sosialtenester. Innbyggjarane har stor tillit til lokalpolitikarane sine. Tendensen i undersøkinga frå 2015 er heilt eintydig.

Difi dokumenterte og at lokaldemokratiet fungerte best i små (mindre enn 5000 innbyggjarar) og dårlegast i store (over 110 000 innbyggjarar) kommunar. Små kommunar hadde eit godt «nærdemokrati» gjennom god direkte kontakt mellom veljarane og politikarane, medan større kommunar hadde eit meir levande partidemokrati.

Professor Harald Baldersheim har peika på at med ekspertutvalets idealkommunar (om lag 20 000 innbyggjarar) ville talet på kommunepolitikarar bli redusert frå 11 000 til 4 000. Professor Signy Vabo presenterte i eit intervju dette som ei styrking av lokaldemokratiet ved at ein «luker vekk» dei svakaste politikarane, og at det vil bli meir rift om lokalpolitiske posisjonar (*Klassekampen 13. april 2015*).

Interkommunalt samarbeid

Både avstandar, areal og topografi gjer at det kanskje vert nødvendig å spørja om alle kommunar, store og små, nødvendigvis skal ha dei same oppgåvene framover – slik det norske idealet har vore til no, men dåverande kommunal- og regionalminister Jan Tore Sanner sa under Kommunedagane 2015 at generalistkommunen framleis skal vera «idealet» i Noreg. Samstundes synte Oppgåvemeldinga (mars 2015) at intensjonen er å overføra ein del fylkeskommunale oppgåver til dei største kommunane. Dette rimar ikkje med tanken om at generalistkommunen skal vera idealet – og er blitt kvast avvist av mellom anna Ap.

Til no har kommunane sjølv løyst større utfordringar ved å kjøpa tenester hos kvarandre, eller gjennom interkommunalt samarbeid – noko som i dei fleste tilfelle fungerer godt. Innvendinga har vore at slikt samarbeid ofte flyttar ansvaret ut frå kommunestyresalen og såleis ut av demokratisk kontroll. Det er naturleg å tru at vellukka interkommunalt samarbeid som oftast handlar om klare vedtekter og god kommunal styring.

Økonomi

I følge NIVI Analyse vil dei nye omstillingstilskota – altså gulrøtene - åleine kosta staten 6,2 milliardar. I tillegg skal dei noverande ordningane for tilbakeføring av pengar til kommunane haldast oppe i 15 år, og deretter trappast ned og fasast ut i løpet av fem år.

KMD føreslo ei kompensasjonsordning som premierer kommunane ut frå innbyggjartalet i dei nye einingane. Unnataket var tidlegare at kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar ikkje skulle få kompensasjon i det heile – sjølv om dei slo seg saman – men her har departementet skifta meining. Jan Tore Sanner har ved fleire høve sagt at kommunar med under 3000 innbyggjarar skal få halda på til dømes småkommunetillegga i 20 år, også dersom dei slår seg saman med andre kommunar og såleis ikkje kan reknast som småkommunar lenger.

KMD ser ut til å ha akseptert at det ikkje er pengar å spara på reforma - i alle høve ikkje dei første åra. Statsråd Jan Tore Sanner har ved fleire høve streka under at Kommunereforma ikkje er ei sparereform, men ei reform som skal styrkja lokaldemokratiet og sikra innbyggjarane eit betre tenestetilbod.

Ei rekkje praktiske konsekvensar av reforma har ikkje vore utgreidde: Kartverket åttvara i ein rapport mot å gå for fort fram; sidan dette kan skapa IT-kaos både i kommunane og i statlege etatar. Kva konsekvensar vil reforma få for t.d. prostigrenser? Er samanslåing utan nyval lovleg? (*Sandefjord, Andebu, Stokke-modellen*). Sidan dagens lovverk slår fast at det skal vera eit hovudbibliotek i kvar kommune, står me no framover ei massiv nedlegging av hovudbibliotek?

I kommuneøkonomiproposisjonen (mai 2015) vart det avklart at dersom det er ulike satsar for arbeidsgjevaravgift i kommunar som slår seg saman, skal verksemdene i desse kommunane få halda på dei satsane for arbeidsgjevaravgift dei har i dag. Det går fram av proposisjonen at tilsvarande ordningar vil kunna påreknast også for andre distriktpolitiske tiltak. Dette vert overgangsordningar som skal gjelda fram til EU skal revidera sitt regelverk for regionalstøtte 2021.

I kommuneproposisjonen for 2016 varsla regjeringa ein samla gjennomgang av inntektssystemet for kommunane og at forslag til nytt inntektssystem skal presenterast i kommuneproposisjonen for 2017. Det vart streka under at gjennomgangen skal sjåast i samanheng med kommunereforma.

Regjeringa sende 16.12.2015 ut eit høyringsnotat med omtale av konkrete forslag til endringar i kostnadsnøkkelen. I tillegg vart det skissert endring i innretning for dei regionalpolitiske tilskota. Eit sentralt spørsmål i høyringsnotatet er gjeldande kompensasjon for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon, og i kor stor grad kommunar i framtida skal kompensereast fullt ut for slike kostnader. Det vart skissert korleis ein ny modell som tar omsyn til dette kunne utformast. Modellen tok utgangspunkt i eit nytt strukturkriterium, basert på reiseavstandar, som skulle nyttast for å differensiere mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper. Endeleg modell vart presentert i kommuneproposisjonen for 2017.

I tillegg vart forholdet mellom kommunane sine skatteinntekter og inntektssystemet drøfta.

Regjeringa fekk i april 2016 avtale med Venstre om endringar i inntektssystemet. I framlegget vart det lagt opp til at kommunar som frivillig vel

å vera små, ikkje får like mykje i basistilskot. Småkommunetilskotet og distriktstilskotet blir samla i ei ny tilskotsordning, der distriktsindeks og folketal blir viktige kriterium. Utslaga av endringane er ikkje fullt så store som det var lagt opp til i høyringsnotatet frå 16.12.2015.

Språkpolitiske konsekvensar

Det er ikkje uvanleg at prinsippet om at «vegen blir til mens ein går» vert ein del av eit reformarbeid, jf. problematikken kring distriktspolitiske verkemiddel. Ikkje alle konsekvensar er utgreidde, og for LNK er det viktig å få fram språkpolitiske konsekvensar av kommunereforma. Det er ikkje skriva mykje om slike problemstillingar fram til no. På Stortinget har AP, SV og SP peika på at staten bør ha ein gjennomtenkt strategi for å motverka uheldige språklege konsekvensar av kommunereforma, medan regjeringa meiner dette bør vera eit kommunalt ansvar.

Ei viktig analyse av aktuelle strukturprosessar i det offentlege er Jørgen Amdam m/fl: «Rapport 58 – Alternativer for regionalt folkevalgt nivå».

Norsk institutt for by- og regionforskning la i 2013 fram eit oppdatert (men upresist) oversyn over norske bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Kåre Lilleholt og Jens Kihl har laga ein rapport for Noregs Mållag, der dei har teke utgangspunkt i det som skjedde sist det var ei stor kommunereform – tidleg på 60-talet. Rapporten er gjennomgåande kritisk til kommunesamanslåingar – ut frå at desse, slik forfattarane ser det, vil påverka stoda for nynorsken negativt i store delar av landet.

Sidan det stort sett berre er kommunar og fylkeskommunar som er betalande medlemmer i LNK, ville kommunereforma også kunne få store økonomiske konsekvensar for LNK, men dette kunne slå begge vegar. Kontingenten til LNK er bygd opp rundt ein fast grunnsum og ei kroneløyving ut frå innbyggjartal. Ut frå gjeldande kontingentsatsar og dei samanslåingsvedtaka som er gjort til no vil LNK få mellom 150- og 200 000 kroner mindre i kontingentinntekter kvart år frå 2020. LNK har frå 1.1.2020 107 medlemmer, av desse er 86 kommunar, 3 fylkeskommunar og 18 andre medlemmer.

I oktober 2014 strauk regjeringa LNK si løyving på 1,1 million frå kulturbudsjettet. Stortinget tok LNK inn att med same stønadssummen, men no på kommunalbudsjettet. I budsjettvedtaket i Stortinget heiter det at LNK skal vera rådgjevar for KMD i språkspørsmål som oppstår som følgje av kommunereforma. I tilsegnsbrevet frå KMD står det at LNK skal gje råd til kommunane om språklege konsekvensar som eventuelt måtte koma som følgje

av kommunereforma. Kommunalkomiteen sikra i si handsaming nye løyvingar for 2016 og 2017, med same føringar som tidlegare, men med ei presisering om at LNK står fritt til å avgjera korleis ein best kan gjera dette arbeidet. Frå og med driftsåret 2018 er heile driftstilskotet til LNK igjen løyvd frå kulturbudsjettet.

Kommuneproposisjon for 2015 slo fast at kommunereforma ikkje skulle ha negative følgjer for samisk og nynorsk: «Komiteen ber også om at forholdet til nynorsk som målform får same fokus (*som samisk*) slik at nynorsk som målform ikkje vert skadelidande som resultat av reforma», stod det i komitéinnstillinga.

LNK ønskjer at prinsippet om generalistkommunen skal førast vidare og er for frivillige endringar i kommunestrukturen, særleg dersom overføring av nye oppgåver til kommunar og fylkeskommunar gjer dette naturleg og nødvendig. LNK kan ikkje sjå at dei nye oppgåvene som har blitt presentert så langt i prosessen skulle tilseia trong for kommunesamanslåingar, men ser at nokre kommunar truleg vil kunna levera betre tenester til innbyggjarane dersom dei hadde vore større. Dette må likevel vegast opp mot risikoen for eit svakare folkestyre og konsekvensane av meir sentralisering.

Ein viktig premis for LNK er at kommunane og KMD tek omsyn til språkpolitiske konsekvensar av eventuelle samanslåingar. Dersom samanslåingar av kommunar med ulikt fleirtalsspråk skjer, må den nye kommunen leggja til rette for obligatoriske språkopplæring for administrasjonen, slik at kommunane blir reelt tospråklege og såleis kan levera gode, klare og språkleg korrekte tenester til innbyggjarane sine. Kommunesamanslåingar i språkdelte område kan lett føra til nye språknøytrale kommunar. Dette inneber at administrasjonen kan nytta bokmål sjølv om fleirtalsforma i kommunen er nynorsk. Over tid kan dette svekkja nynorsk språk.

Ut frå vedtaka som er gjort om frivillige samanslåingar, ser dei språkpolitiske konsekvensane av kommunereforma ikkje ut til å bli store. Finnøy (nn) og Rennesøy (nø) har slått seg saman med Stavanger (bm) og gjort vedtak om å vera språknøytral. Forsand (nn) har slått seg saman med Sandnes (nø). Bø (nn) har slått seg saman med Sauherad (nø). Nesset (nn), Midsund (nø) og Gjemnes (nø) har slått seg saman med Molde (nø). I alle desse nye kommunane blir nok nynorsken ytterlegare svekka. Regjeringa sin avtale med Venstre gjer at Haram (nn) er tvangssamanslått med Skodje (nn), Sandøy (nn), Ørskog (nn) og Ålesund (nø). I vedlegg til intensjonsavtalen om regionkommune Ålesund er det laga reglar for språkbruk i den nye kommunen. Her vert det slått fast at den nye

kommunen skal ha nynorsk som målform, med moglegheit for bruk av bokmål for sakshandsamarar i det daglege arbeidet og i brev til innbyggjarar o.a.

Dei frivillige samanslåingane av kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane gir fleire store nynorskkommunar, som kan styrkja nynorsken i desse områda på sikt, viss dei nye kommunane legg til rette for det.

LNK har utarbeidd malar for språkbruksplanar i både samanslegne og ikkje samanslegne kommunar, både for nynorskkommunar og for kommunar som ynskjer å vera reelt tospråklege. Malane er utarbeidde av Jan Olav Fretland og Jostein Avdem Fretland, med støtte frå Nordmøre Mållag. Dette er viktige verktøy i LNK sitt arbeid med språkleg medvit i kommunane og oppfølging av kommunereforma for å redusera dei negative konsekvensane for nynorsken ved samanslåingar.

LNK har drøfta språklege konsekvensar av kommunereforma på mange styremøte sidan 2014 og på to internseminar. Reformene har dessutan vore tema for landstinga i 2015, 2017 og 2019.

Språkrådet sendte 30. okt 17 ut rundskriv til kommunar og fylkeskommunar, som er involverte i samanslåingsprosessar, der dei m.a. skriv:

«Når ei kommune- eller fylkessamanslåing er gjennomført, vil Språkrådet skriva til kommunen eller fylkeskommunen for å minna om at det må gjerast nytt målvedtak dersom kommunen eller fylkeskommunen ønskjer å ha eit målvedtak. Det nye målvedtaket må så meldast til Språkrådet, slik at Språkrådet kan fastsetja endring i målvedtaksforskrifta i tråd med målvedtaket. Dersom ein kommune eller fylkeskommune ikkje melder frå om målvedtak, vil Språkrådet leggja til grunn at kommunen eller fylkeskommunen er språkleg nøytral.»

Oppfølging av dette rundskrivet vil nok føra til diskusjonar om målform i dei nye kommunane/regionane, som det kan vera særskilt viktig for LNK å gje innspel til og følgja med på.

I LNK skjer oppfølginga av styrevedtaket ved at organisasjonen legg ut eit «policydokument» på LNK.no. Dokumentet vert oppdatert etter kvart som det skjer ting i kommunane som er relevant i samanheng med kommunereforma.

Aktuelle samanslåingar i «LNK-regionar»:

Nynorskprosentane som er oppgjeve nedanfor for enkelte kommunar er 2019-tal.

Oppland

Dei tre kommunane i Ottadalen (Vågå, Lom og Skjåk) er «reine» nynorskkommunar, og alle er medlemmer i LNK. Til saman når dei ikkje opp i 10 000 innbyggjarar.

Elles i Nord-Gudbrandsdalen står nynorsken sterkt i skulen i Ottadalen. Skjåk, Lom og Vågå er nynorskkommunar og har tilnærma 100 prosent nynorsk i skulen, og i Lesja og Dovre, men begge desse kommunane er språknøytrale. Saman med Sel (språknøytral, med 27% nynorsk i skulen) utgjer desse kommunane medlemene i Nord Gudbrandsdalen regionråd (som er medlem i LNK). Ei samanslåing her ville truleg ikkje påverka språksituasjonen i stor grad – særleg dersom kommunesenteret vart lagd til Lom eller Vågå. Dersom Fronkommunane også hadde vore med på laget, kunne nynorsken vorte styrkt i området. I dag ligg administrasjonen av regionrådet på Otta i språknøytrale Sel kommune (som brukar lite nynorsk i administrasjonen).

Det er gjennomført tre ulike utgreiingar om samanslåing i dette området. Det gjeld Lom og Skjåk, Vågå og Sel i tillegg til Lesja og Dovre. Andre alternativ i dette området har også vore drøfta.

Kommunestyra i Sel og Vågå fatta i juni 16 vedtak om å halda fram som eigne kommunar, etter at folkerøystingane i begge kommunane resulterte i eit klart nei.

Også Lom og Skjåk kommunar hadde folkerøysting i mai 16. Resultata i begge desse kommunane vart også klart nei. Kommunestyra fatta i ettertid vedtak i tråd med resultata av folkerøystingane.

Lesja og Dovre har også utarbeidd intensjonsavtale og gjennomført folkerøysting den 16. juni. Kommunestyret i Dovre har i ettertid sagt ja til samanslåing, medan kommunestyret i Lesja har sagt nei.

Det er gjennomført ein utgreiingsprosess for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommune. Nord-Fron er nynorskkommune, medlem i LNK og har 96% nynorsk i skulen. Sør-Fron er språknøytral, men har 89% nynorsk i skulen. Saman ville desse utgjort ein solid nynorskkommune, men dei kjem ikkje opp i 10 000 innbyggjarar. Ringebu er språknøytral, har lite innslag av nynorsk og er eit meir

utprega bokmålsområde. Ei samanslåing av desse tre kommunane kunne lett ført til at nynorsk blei marginalisert. LNK sende 03. 11.15 brev til Nord-Fron kommune og bad om at det i forhandlingane vert tatt med ein premiss om nynorsk som administrasjonsspråk i ein eventuell ny kommune. Dette er følgd opp med eit nytt brev 17.02.16. Det vart gjennomført folkerøysting i alle desse tre kommunane i mai 16. I Nord-Fron og Ringebu vart resultatet nei, medan folket i Sør-Fron svara ja. Kommunestyra i desse tre kommunane fatta i juni vedtak i tråd med folkerøystingane.

Valdres er nok den regionen, saman med Hallingdal, der det er størst press på nynorsk språk i dag. I dei seks Valdres-kommunane er Vang (nynorskkommune med 92% av elevane i grunnskulen – medlem i LNK), Vestre-Slidre (nynorskkommune der 94% av grunnskuleelevane brukar nynorsk – medlem i LNK), Øystre Slidre (nynorskkommune der 87% % av elevane er nynorskbrukarar), Nord-Aurdal (språknøytral med berre 1% nynorsk i skulen), Etnedal (språknøytral med 69% nynorsk), og Sør-Aurdal (språknøytral med 48% nynorsk) er det i dag til saman 910 bokmåselevar og 980 nynorskelevar. Ved ei samanslåing ville altså nynorsk framleis ha eit knapt fleirtal (52%).

Ei av utfordringane er at Fagernes, som peikar seg ut som kommunesenter, ligg i Nord-Aurdal – som er den klart største kommunen, og som har få nynorskelevar og lite tradisjon for bruk av nynorsk i kommuneadministrasjonen. I ein slik storkommune ville nynorsk fort kunne koma under press.

Dersom Øystre- og Vestre Slidre hadde gått saman med Vang i ein ny kommune, noko som og har vore omsnakka i regionen tidlegare, ville dette bli ein solid, men liten (om lag 7 000 innbyggjarar), nynorskkommune.

Det vart i samband med valet 2015 gjennomført folkerøysting i Vang, som den einaste kommunen i Valdres. Resultatet vart eit klart nei til samanslåing. Vang gjorde deretter kommunestyrevedtak om å halde fram som eigen kommune og ikkje delta vidare i arbeid med kommunereforma i Valdres.

Vestre Slidre, Øystre Slidre, Etnedal, Sør-Aurdal og Nord-Aurdal fatta alle vedtak om å gå vidare i arbeidet med kommunereforma. LNK sende ei oppmoding om å ta omsyn til nynorsk, som ein viktig del av Valdres-identiteten og den lokale kulturen, i det vidare arbeidet om kommunesamanslåing for desse kommunane. Denne oppmodinga er følgd opp med eit nytt brev frå LNK 17.02.16.

Det vart halde folkerøysting i Vestre Slidre, Øystre Slidre, Etnedal og Sør-Aurdal 30. mai 16. Svaret frå innbyggjarane var eit klart nei i alle fire kommunane.

Kommunestyra i Etnedal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Sør-Aurdal fatta alle i ettertid vedtak i tråd med folkerøystingane. Nord-Aurdal fatta, som einaste kommunen i denne konstallasjonen, positivt vedtak om samanslåing.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen i Oppland har vektlagt at Stortinget har vedtatt at samanslåing av kommunar skal vera frivillig og tilrår med bakgrunn i det ikkje å bruka tvang. Fylkesmannen tilrår på sikt samanslåing av desse kommunane i fylket:

- Jevnaker, Ringerike og Hole
- Gran og Lunner
- Gjøvik, Østre Toten og Vestre Toten
- Søndre Land og Nordre Land
- Nord-Aurdal, Sør-Aurdal, Etnedal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang Lillehammer, Gausdal og Øyer
- Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron
- Sel og Vågå
- Lom og Skjåk
- Dovre og Lesja

Samtidig skriv Fylkesmannen at desse alternativa bør utgreiast nærare:

- Gjøvik, Østre Toten, Vestre Toten, Søndre Land og Nordre Land
- Lom, Skjåk, Vågå og Sel

Oppsummert status for nynorsk/språkdelte område i Oppland pr. 30. september:

Det er ikkje vedtatt frivillige samanslåingar i fylket. Berre dei tre kommunane Nord-Aurdal, Sør-Fron og Dovre har fatta vedtak om samanslåing, men ingen av dei aktuelle nabokommunane var positive.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, ikkje opp til tvangssamanslåingar i Oppland. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Buskerud

I Buskerud er Ål (nynorskkommune 85%), Gol (nynorskkommune der 16% av elevane i grunnskulen har nynorsk) og Hemsedal (nynorskkommune med 26% nynorsk) medlemmer i LNK, men nynorsk språk står ikkje sterkt i nokon av desse kommunane – med unnatak av Ål.

Dersom Hallingdal slår seg saman med Hemsedal (og tek med Nes (bokmålskommune med 100% bokmål) og Hol (språknøytral - 100% bokmål) ville den nye kommunen få ein nynorskprosent på 30 – og nynorsk ville vera under sterkt press.

Dette er kanskje den regionen i landet der det har hasta mest med å setja inn tiltak for å halda oppe den lokale kulturen og språket. Her ligg det store utfordringar både for Noregs Mållag og for LNK. LNK starta prosessen i sommaren 2015 då organisasjonen arrangerte landstinget sitt på Gol 4. og 5. juni. Tema var omdømebygging, mellom anna kva språk har å seia for det kommunale omdømet.

Hol og Ål har gjennomført utgreiing om kommunesamanslåing. Den rådgjevande folkerøystinga, 10. april 16, resulterte i eit klart nei i begge kommunane. Resultatet av folkerøystinga vart følgd opp i begge kommunestyra med nei til samanslåing.

Gol og Nes starta opp utgreiingsarbeidet på nyåret 2016. Dette kunne lett blitt ei språkleg utfordring, der nynorsken vart pressa ytterlegare i dette området. Kommunestyret i Nes fatta vedtak om å halde fram som eigen kommune, medan kommunestyret i Gol sa ja til samanslåing. Vedtaka er gjort i juni 16.

Kommunestyret i Hemsedal gjorde, den 10. mars 2016, vedtak om å halda fram som eigen kommune.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen i Buskerud tilrår slik inndeling:

- «Numedal: Kongsberg og/eller de 3 Numedalskommunene iverksetter/fortsetter en prosess med sikte på kommunesammenslutning på et seinere tidspunkt enn det som følger av dagens reform.
- Hallingdal: De 6 kommunene iverksetter/fortsetter en prosess med sikte på kommunesammenslutning på et seinere tidspunkt enn det som følger av dagens reform.

- Ringeriksregionen: Jevnaker (Oppland) er en del av Ringeriksregionen. Ringerike, Hole og Jevnaker slås sammen til en ny kommune nå.
- Midt fylket: Modum, Sigdal og Krødsherad iverksetter en prosess med sikte på kommunesammenslutning på et seinere tidspunkt enn det som følger av dagens reform.
- Hurum og Røyken: Hurum, Røyken og Asker slås sammen til en ny kommune nå.
- Drammensregionen: Drammen, Svelvik, Nedre Eiker, Lier og Øvre Eiker slås sammen til en ny kommune nå.»

Hallingdal med kommunane Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes og Flå, ville gitt ein kommune der dei språklege utfordringane burde vore ein viktig del av den vidare prosessen.

Oppsummert status for nynorsk/språkdelte område i Buskerud pr. 30. september:

Det er ikkje fatta vedtak om frivillige samanslåingar her.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, ikkje opp til tvangssamanslåingar i Buskerud. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Telemark

I Vest-Telemark er Vinje, Tokke, Fyresdal, Seljord, Kviteseid og Nissedal meir og mindre solide nynorskkommunar som alle er med i LNK.

Vest-Telemarkrådet gjennomførte ein forstudie og vedtok å setja i gang eit forprosjekt med desse retningane for det vidare arbeidet:

- Vidareføring av dagens kommunestruktur med meir forpliktande samarbeid.
- Mogleg samanslåing av Seljord, Nissedal og Kviteseid.
- Mogleg samanslåing av Fyresdal og Tokke.

Det har i tillegg vore arbeidd med fleire ulike alternativ i Vest-Telemark. Alle alternativa er lagt bort som uaktuelle, med bakgrunn i vedtak i kommunane.

Hjartdal (nynorskkommune, men ikkje med i LNK - 67% nn elevar i grunnskulen), Notodden (språknøytral med 0% nynorsk i grunnskulen), Bø (nynorskkommune, med stort fleirtal bokmålselevar i grunnskulen) og

Sauherad (språknøytral, med 99% bokmåselevar) har alt eit visst formalisert samarbeid. Dette alternativet er ikkje aktuelt for ein ny kommune.

Bø er ein særst interessant kommune med høgskule, ein allsidig arbeidsmarknad og stor tilflytting. Bø har signalisert at dei gjerne vil samarbeida vestover, mot Seljord. Då kunne nynorsk i området verta styrkt. Dersom Hjartdal vender seg vestover, mot Seljord, vil dette også styrka nynorsken (og LNK) i området. Desse alternativa er lagt bort.

Hjartdal, Tinn og Notodden forhandla våren 2015 om kommunesamanslåing. Desse forhandlingane vart brotne og vidare arbeid lagt ned. Hjartdal og Tinn har i ettertid utarbeidd intensjonsavtale, som vart presentert og signert 31.03.16. Kommunestyret i Tinn røysta nei til avtalen med Hjartdal og dette alternativet er ikkje lenger aktuelt. Hjartdal og Notodden har seinhaustes 2016 vurdert samanslåing, men folkerøystinga i Hjartdal i desember enda med eit klart nei til dette alternativet.

Modellen med Seljord, Nome og Sauherad, er ikkje lenger aktuell, ettersom Nome sa nei.

Seljord fatta i juni 16 vedtak om å halda fram som eigen kommune.

Nome, Bø og Sauherad forhandla fram ein intensjonsavtale, der Telemark og Bø mållag var aktiv i sluttfasen av forhandlingane og fekk inn eit punkt om tospråkleg praksis i avtalen. Både i Bø og Nome har innbyggjarane sagt nei til samanslåing i folkerøysting, medan innbyggjarane i Sauherad har sagt ja gjennom innbyggjarundersøking. Dette gjer denne grupperinga uaktuell.

Etter at alternativet med Nome, Bø og Sauherad stranda, har kommunestyra i Bø og Sauherad fatta i juni 16 positive vedtak om samanslåing.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen i Telemark har lagt fram denne tilrådinga til ny kommunestruktur:

- Midt – Telemark, kommunane Bø, Nome og Sauherad vert slått saman til ein kommune med nasjonalt vedtak i 2017.

Desse kommunane vert slått saman med nasjonale vedtak etter 2017:

- Bamble, Porsgrunn, Siljan og Skien
- Drangedal og Kragerø
- Hjartdal og Notodden

- Tinn vert vidareført som eigen kommune inntil vidare
- I Vest-Telemark bør det vera ein struktur med færre kommunar enn i dag. Eit alternativ kan vera ein kommune. Kviteseid og Seljord bør vera med i alle alternativa.

Oppsummert status for nynorsk/språkdelte område Telemark pr. 30. september:

Bø og Sauherad har slått seg saman til Midt-Telemark kommune. Den nye kommunen er innmeld i LNK.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, ikkje opp til tvangssamanslåingar i Telemark. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Kommunestyret i Midt-Telemark kommune gjorde 30.09.19 vedtak om nynorsk som målform i skriv frå statsorgan. Midt-Telemark har berre 18% av elevane i grunnskulen nynorsk som opplæringsmål og nynorsken er under sterke press.

Agder

I Setesdalen er Bykle, Valle og Bygland solide nynorskkommunar, og dersom ei eventuell samanslåing hadde tatt med Evje og Hornnes (språknøytral, men med 66% nynorsk i skulen) ville nynorsk framleis stått sterkt – og LNK hadde truleg blitt styrkt (Evje og Hornnes er ikkje med i LNK i dag).

På Setesdalinget i juni 2015 vart det klart at det likevel ikkje vil verta ein storkommune i Setesdalen. Både Valle og Bykle ønskte å gå vidare som sjølvstendige kommunar.

Bygland ønskte i utgangspunktet ein storkommune i dalen, men etter Setesdalinget vart ikkje denne modellen vurdert som realistisk. Alternativet Bygland, Evje og Hornnes og Åseral vart også lagt bort. Her ville to små nynorskkommunar i tilfelle gått saman med ein litt større språknøytral kommune. Det kunne språkleg sett slå begge vegar.

Åseral gjennomførte rådgjevande folkerøysting i samband med kommunevalet i 2015, med 60% nei frå innbyggjarane.

Alternativet Lindesnes, Mandal og Marnardal blir nok ein bokmålskommune, medan for alternativet Lindesnes, Lyngdal, Hægebostad og Audnedal ville

nynorsk blitt i solid mindretal med utfordringar for nynorskområda i ein eventuell ny kommune.

Alternativet Lindesnes, Mandal og Marnardal fekk fleirtal i folkerøystinga og har gjort vedtak om å vera bokmålskommune.

Det vart inngått intensjonsavtale mellom Hægebostad (100%), Audnedal (47%) og Lyngdal (bm), med opning for også Lindesnes (bm) å tiltre. Avtalen inneheld ikkje noko om målform. Alternativet med desse tre kommunane ville utfordra nynorsken i dette området. Folkerøystinga i Hægebostad 6. mars gav 59% neirøyster..

Hægebostad og Kvinesdal er i byrjinga av mai 16 einige om å gå i forhandlingar om intensjonsavtale. I tillegg er Hægebostad i følgje pressa i dialog med Audnedal. Hægebostad kommunestyre vedtok 27.02.20 overgang frå nynorsk til nøytralt administrasjonsspråk.

Audnedal og Lyngdal har gjort vedtak om å slå seg saman. Nynorsken i Audnedal vil nok bli ytterlegare pressa som følgje av dette.

Hægebostad fatta vedtak om å halda fram som eigen kommune.

Det har vore ein viss mediedebatt i Sirdal om samanslåing med Flekkefjord. Her har også språkargument vore framme i reformdebatten (Sirdal er språknøytral og med i LNK, med 99% nynorsk i skulen. Flekkefjord er ein monaleg større bokmålskommune utan nynorsk i skulen).

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen tilrår 5 kommunar, alternativt 6-8, som det langsiktige målet det skal jobbast mot.

- Heile Knutepunkt Sørlandet går saman til ein kommune. Ei todeling med K5 (Birkenes, Kristiansand, Lillesand, Songdalen og Søgne) og Vennesla/Iveland er ei akseptabel tilnærming.
- Arendal, Froland og Grimstad dannar kjernen i ein ny kommune, og Tvedestrand, Vegårshei og Åmli går med i denne. Risør og Gjerstad kan danna eigen kommune eller gå saman med dei 6 andre.
- Mandal, Lindesnes og Marnardal går saman. Audnedal kan velja om dei vil vera med her eller gå til Lister. Åseral kan velja å gå med her eller å gå til Setesdal.

- Det vert etablert ein stor Listerkommune av dei seks faste kommunane. Audnedal og ev. heile eller delar av Lund kommune kan vera med viss dei sjølv ønskjer dette alternativet.
- Det vert etablert ein stor Setesdalskommune av dei fire faste kommunane. Åseral kan vera med her om dei sjølv ønskjer dette alternativet. Ei to-deling med forpliktande samarbeid kan vurderast.

Fylkesmannen tilrår vidare at kommunereforma vert vidareført for alle kommunane i fylket i neste Stortingsperiode. Dette arbeidet bør ta utgangspunkt i ein framtidig kommunestruktur med fem store kommunar basert på dagens regionråd.

Oppsummert status for nynorsk/språkdelte område i Agder pr. 30. september:
Audnedal og Lyngdal har slått seg saman til Lyngdal kommune.

Regjeringa og Venstre la i Agder, i avtalen av 22.02.17, opp til tvangssamanslåing av Lindesnes, Mandal og Marnardal i tillegg til Songdalen, Søgne og Kristiansand. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Nye Lyngdal kommune har gjort vedtak om å vera språknøytral. Kristiansand er også språknøytral, medan Lindesnes er bokmålskommune.

Rogaland:

Dei seks kommunane i Ryfylke (Strand, Forsand, Hjelmeland, Finnøy, Sauda og Suldal) har til saman om lag 26 000 innbyggjarar.

Forsand og Hjelmeland er nynorskkommunar og med i LNK, medan Strand er språknøytral med 53% nynorskelevar i grunnskulen – og ikkje medlem. Ei samanslåing her kunne truleg ha blitt ein styrkje for nynorsken og for LNK.

Den nye tunnelen frå Tau i Strand kommune til Stavanger opna 2019, noko som vil føra til endå sterkare band mellom Ryfylke og Stavanger. Det vil også lett få språklege konsekvensar for Ryfylke på sikt, då Stavanger og Nord-Jæren i praksis er eit stort bokmålsområde.

Innbyggjarane i Hjelmeland sa nei (54%) til vidare arbeid med kommunestruktur i Ryfylke i den rådgjevande folkerøystinga i samband med kommunevalet 2015. Kommunen underteikna, etter fylkesmannen la fram si tilråding, intensjonsavtale med Strand kommune. Hjelmeland har seinare, i ny

folkerøysting i januar 2017, sagt nei til samanslåing og held fram som eigen kommune.

Forsand vedtok sommaren 2015 at dei ønskjer å gå vidare som eigen kommune, men gjorde i juni 16 eit nytt vedtak om å slå seg saman med Sandnes. Innbyggjarundersøkinga viste også fleirtal for samanslåing med Sandnes og vedtaket vart stadfesta i kommunestyret 7. sept. 16. Dette valet vil nok få språklege konsekvensar for innbyggjarane i Forsand.

Finnøy (nn), Suldal (nn) og Sauda (nø) er dei tre resterande kommunane i Ryfylke. Alle er med i LNK og er så godt som «reine» nynorskkommunar dersom me ser på elevtal i grunnskulen, men Sauda er språknøytral. I tillegg har Sauda og Suldal utgreidd samanslåing med Vindafjord og Etne. Ei samanslåing her ville truleg styrkja nynorsken i området. Både Sauda og Suldal har vedteke å halda fram som egne kommunar.

Reisetida frå Finnøy til Stavanger er redusert til 45 min. etter at Finnøy-tunnelen vart opna. Finnøy kan lett verta ein forstad til Stavanger slik Randaberg og Rennesøy i stor grad vart det då dei undersjøiske tunnelane på E39 kom på plass. Finnøy er ein del av Stavanger på NHO sitt kart.

Finnøy og Rennesøy signerte også 10. mai 16 intensjonsavtale med Stavanger kommune, som også vil gje språklege konsekvensar. Kommunestyra i desse kommunane fatta i juni vedtak om samanslåing. LNK har sendt brev til Finnøy kommune og oppmoda om å utarbeida eigen språkbruksplan for å sikra dei nynorske språktradisjonane i Finnøy.

På Haugalandet har Haugesund, Karmøy, Tysvær og Sveio utgreidd samanslåing. Prosessen stranda før det kom i gang reelle forhandlingar.

Sveio underteikna i ettertid intensjonsavtale med Haugesund om samanslåing. Dette alternativet ville også ha utfordra nynorsken. LNK har sendt brev til Sveio kommune og oppmoda om å utarbeida eigen språkbruksplan for å sikra dei nynorske språktradisjonane i Sveio. Sveio kommunestyre fatta i juni 16 vedtak om å halda fram som eigen kommune.

Bokn og Tysvær forhandla også fram intensjonsavtale. Den nye kommunen skulle vera språknøytral. Begge kommunane er registrerte som nynorskkommunar i forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar, men Tysvær har i 2013 gjort vedtak om at administrasjonsspråket skal vera

nøytralt. Nynorsken står svakt i Tysvær i dag. Kommunestyret i Bokn har vedtatt å halda fram som eigen kommune, slik folkerøystinga i kommunen tilrådde.

Vindafjord og Etne har utgreidd eit alternativ for desse to kommunane. Begge kommunane er nynorskkommunar og med i LNK. Intensjonsavtalen er godkjent, men folkerøystinga i slutten av september 16 viste eit klart nei-fleirtal i begge kommunane. Kommunestyra i begge kommunane ha i ettertid gjort vedtak om ikkje å slå seg saman.

På Jæren er fleire modellar drøfta, men Hå, Time og Klepp forhandla fram ein intensjonsavtale om samanslåing. Klepp er nynorskkommune og har om lag 60% nn-elevar att i grunnskulen. Hå er språknøytral, men har 99% nn i grunnskulen. Time er også ein solid nynorskkommune med 90% nn i grunnskulen. Både Hå og Time er med i LNK. Dei tre kommunane er om lag jamstore (ca 18 000 innbyggjarar i kvar av dei). Ei samanslåing av desse ville truleg styrkt både nynorsken i området og LNK (innbyggjarane i Klepp ville talt med - 83% nynorsk til saman i den nye storkommunen). Intensjonsavtalen har med i eit punkt at det nye kommunestyret skal gjere vedtak om målform.

Folkerøystinga i desse kommunane 25. april 2016 viser eit tydeleg nei til samanslåing i Hå og Klepp, medan innbyggjarane i Time sa ja. Kommunestyra i kommunane har seinare følgd opp resultata av folkerøystingane med vedtak.

Sør i Rogaland er Bjerkreim nynorskkommune og med i LNK. Dei har vurdert fleire alternativ, men sa i juni 16 endeleg nei til samanslåing med andre kommunar.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen tilrår desse nye kommunane frå 1. januar 2020

- Stavanger, Rennesøy og Finnøy
- Sokndal og Eigersund, som første endring i Dalane
- Forsand og Strand, som første endring i Ryfylke

Med grunnlag i dei utgreiingane som er gjort, tilrår fylkesmannen at arbeidet med å danna nye kommunar i Rogaland held fram. Dei mest aktuelle kommunane for vidare dialog:

- Bjerkreim og Lund (Sokndal og Eigersund)
- Hjelmeland (Strand/Forsand)

- Bokn (Tysvær)
- Utsira (Haugesund/Karmøy)
- Randaberg, Sola og Kvitsøy («Nye Stavanger»)

Oppsummert status for nynorsk/språkdelte område i Rogaland pr. 30. september:

Rennesøy, Finnøy og Stavanger har slått seg saman til Stavanger kommune. Forsand har slått seg saman med Sandnes. I begge desse grupperingane vil nynorsken bli utfordra.

I tillegg til dette er det seks kommunar i fylket som har gjort vedtak om samanslåing, men som ikkje har fått ja frå nabokommunane.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, ikkje opp til tvangssamanslåingar i Rogaland. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017.

Forsand gjorde i okt. 17 nytt vedtak om å be Stortinget oppheve tidlegare vedtak om samanslåing med Sandnes. Fylkesmannen meinte at kommunestyret i Forsand ikkje kunne stansa arbeidet med samanslåing. Stortinget vedtok i desember 2017 samanslåing med Sandnes. Forsand gjennomførte 29.04.19 folkerøysting om samanslåing med Sandnes eller Strand kommunar. Samanslåing med Strand fekk nær 56% av røystene, medan vel 43% røysta for samanslåing med Sandnes. Kommunestyret gjorde 8. mai 19 nytt vedtak om å slå seg saman med Strand. Kommunalministeren seier likevel nok ein gong nei til å reversera samanslåinga med Sandnes, og stadfestar på nytt at Kolabygda og Preikestolen skal overførast til Strand.

Nye Sandnes kommune er språknøytral.

Stavanger kommune gjorde 25.11.19 vedtak om å vera språknøytral etter mållova og at administrasjonsspråket i kommunen skal vera nøytralt. Kommunen skal jobba for å styrka nynorsk i kommuneadministrasjonen, i skulen og i Stavanger-samfunnet som heilskap. Dette skal følgjast opp politisk med eiga sak i løpet av 2020.

Hordaland

I Nordhordland var ein modell Masfjorden, Modalen, Lindås, Austrheim, Meland, Radøy, Fedje, Osterøy og Gulen (i Sogn og Fjordane) – eller eit utval av desse kommunane. Alle desse er solide nynorskkommunar og medlemmer i LNK. Osterøy, men særleg Meland og Lindås er eit språkleg pressområde, med stor

tilflytting, særleg frå Bergen. Ei samanslåing etter denne modellen, ville sannsynlegvis ha styrkt nynorsken i området.

Lindås, Meland og Radøy har vedtatt å slå seg saman.

Sund, Fjell og Øygarden slo tidleg i forhandlingane fast at administrasjonsmålet for den nye kommunen skal vera nynorsk. Desse tre kommunane har også gjort vedtak om samanslåing.

I Hardanger er Kvam, Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Ulvik meir og mindre «reine» nynorskkommunar og medlemmer i LNK (sjølv om Odda har meldt seg ut, og var ute frå 2016). Det er forhandla fram fleire intensjonsavtalar mellom ulike kommunar i Hardanger. Ei samanslutning her vil venteleg ha lite å seia for nynorsken og LNK.

Granvin og Voss har også fatta vedtak om å slå seg saman. Begge er nynorskkommunar og med i LNK.

I Midthordland har kommunestyret i Fusa har i juni 16 sagt ja til samanslåing med Os til Bjørnafjorden kommune. Både Os og Fusa er nynorskkommunar og med i LNK.

Alle kommunane i Sunnhordland er «reine» nynorskkommunar og medlemmer i LNK. Berre kommunane Stord og Fitjar inngjekk intensjonsavtale om samanslåing. Avtalen inneheld at nynorsk skal vera målform i den nye kommunen. Innbyggjarane i Stord sa klart ja til samanslåing, medan innbyggjarane i Fitjar sa eit klart nei til samanslåing. Kommunestyret i Fitjar har i ettertid følgd opp folkerøystinga og sagt nei til samanslåing.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen tilrår at det i framtida er 10 kommunar i Hordaland. Desse kommunane slår seg saman med nasjonale vedtak i 2017:

- «Nordhordland»: Lindås, Meland og Radøy (Alver kommune)
- «Nye Øygarden»: Sund, Fjell og Øygarden
- «Bjørnefjorden kommune»: Os og Fusa (Bjørnafjorden kommune)
- «Nye Ullensvang»: Jondal, Odda og Ullensvang
- «Nye Voss»: Voss og Granvin.

Fylkesmannen tilrår at reformprosessen held fram og skisserer ein slik struktur i framtida:

- Austrheim, Fedje, Masfjorden bør slå seg saman med Nordhordland eller eventuelt avklare andre samanslåingsalternativ
- Osterøy, Vaksdal, og Samnanger bør slå seg saman med Bergen. Bergen kommune utgreier no bydelsorganisering med etablering av kommunedelsenter i Arna. I intensjonsavtalen ligg det føre etablering av Oster bydel i Bergen. Alternativt kan desse kommunane etablere ein kommune aust for Bergen.
- I Sunnhordland bør det etablerast ein ny kommune som består av Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio. Sveio kan alternativt slå seg saman med Haugesund.
- Tysnes kommune bør slutte seg til Bjørnafjorden kommune, men kan eventuelt vende seg til Sunnhordland.
- Når det gjeld Eidfjord, legg vi til grunn at i den neste reformrunden må kommunen gå inn i ei større eining og i den runden sjølv ta standpunkt til om dei vil gå mot Voss eller «Nye Ullensvang.»
- For Ulvik er det naturleg å fylgje Granvin mot Voss eller alternativt "Indre Hardanger" som fått frist til 1. des 16 til å fatte vedtak.
- Øykommunen Austevoll bør slå seg saman med Bergen, men kan alternativt verte ein del av Bjørnafjorden.
- Kvinnherad
- Kvam
- Askøy

Av fylkesovergripande utfordringar tilrår fylkesmannen at Etne slår seg saman med Vindafjord i Rogaland. Fylkesmannen er også av den oppfatning at det ligg til rette for at Gulen i neste runde vert ein del av "Nye Nordhordland" eller ein del av ein ny kommune med Fedje, Austrheim og Masfjorden.

Oppsummert status for nynorsk/språkdelte område i Hordaland pr. 30. september:

Fusa og Os har slått seg saman til Bjørnafjorden kommune.

Meland, Lindås og Radøy har slått seg saman til Nordhordland kommune.

Sund, Fjell og Øygarden har slått seg saman til Nye Øygarden kommune.

Granvin har slått seg saman med Voss til Voss herad.

Odda, Ullensvang og Jondal har slått seg saman til Ullensvang kommune.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, ikkje opp til tvangssamanslåingar i Hordaland. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Kommunestyret i Ullensvang kommune gjorde 7.11.19 vedtak om nynorsk som målform etter mållova og nynorsk som administrasjonsspråk i den nye kommunen.

Kommunestyret i Bjørnafjorden kommune vedtok 19.11.19 nynorsk som målform og administrasjonsspråk.

Kommunestyret i Øygarden kommune vedtok 21.11.19 språkbruksplan med nynorsk som administrasjonsspråk.

Kommunestyret i Alver kommune vedtok 31.10.19 nynorsk som målform og administrasjonsspråk.

Heradstyret i Voss herad vedtok 12.12.19 nynorsk som målform og ny språkprofil for heradet.

Sogn og Fjordane

Sidan nynorsk er så godt som einerådane i Sogn og Fjordane (utanom delar av Vågsøy), vil ulike kommunemodellar her truleg ikkje få konsekvensar for nynorsk som språk eller for LNK. Det er berre Leikanger, Vågsøy og Selje som ikkje er medlemmer i LNK. Større einingar i Sogn og Fjordane kunne tvert om ha styrkt nynorsken.

Resultatet av prosessane i dette fylket er at kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal har gjort gjensidige vedtak om samanslåing og Hornindal har vedteke samanslåing med Volda kommune i Møre og Romsdal.

I mars 17 gjorde Flora kommune og Vågsøy kommune vedtak om å slå seg saman til Kinn kommune. Begge er nynorskkommunar, men berre Flora kommune er medlem av LNK.

I tillegg har Eid og Selje kommunar gjort vedtak om samanslåing til Stad kommune.

Elles er det også fleire andre kommunar som har gjort vedtak om samanslåing, men kommunane dei ønskte samanslåing med har gjort andre vedtak om samanslåing eller å halde fram som eigen kommune.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen tilrår desse endringane frå 1. januar 2020, ut frå kommunane sine gjensidige vedtak om samanslåing:

- I Sunnfjord med kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- I Indre Nordfjord og Søre Sunnmøre med Hornindal og Volda i Møre og Romsdal

I tillegg er det to andre prosjekt der kommunane ikkje har gjort gjensidige vedtak om samanslåing, men der fylkesmannen tilrår samanslåing ut frå ei fagleg vurdering, målsettinga med reforma, kriteria for god kommunestruktur og regjeringa og Stortinget sine føringar for reforma.

- I Sogn med kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand
- I Ytre Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje

Vidare ser fylkesmannen for seg at desse samanslåingane kan vere aktuelle framover:

- Luster og den nye kommunen i Sogn
- Eid, Gloppen og Stryn
- Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund
- Flora og Bremanger, alternativt at Flora søker mot den nye kommunen i Sunnfjord og Bremanger mot den nye kommunen i Ytre Nordfjord
- Årdal, Lærdal og Aurland
- Vik og Voss, alternativt at Vik søker mot den nye kommunen i Sogn
- Høyanger bør sjå til naboane, avhengig av kva veg dei vel
- Gulen og Masfjorden, og på lengre sikt saman med fleire kommunar i Nord-Hordaland

Fylkesmannen presenterte 20. april 17 i tillegg tilråding om at Bremanger også slår seg saman med Flora og Vågsøy.

Oppsummert status for nynorsk/språkdelt område i Sogn og Fjordane pr. 30. september:

Førde, Jølster og Gaular og Naustdal har slått seg saman til Sunnfjord kommune.

Hornindal har slått seg saman med Volda, på andre sida av fylkesgrensa.

Flora og Vågsøy har slått seg saman til Kinn kommune.

Eid og Selje har slått seg saman til Stad kommune.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, opp til tvangssamanslåing av Balestrand, Leikanger og Sogndal i Sogn og Fjordane. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017. Alle desse tre er nynorskkommunar, men berre Balestrand og Sogndal er medlemmer av LNK.

Sogndal kommune gjorde 21.11.19 vedtak om nynorsk som målform og administrasjonsspråk. Kommunestyret ynskjer at det vert utarbeidd ein språkbruksplan og retningsliner for bruk av nynorsk.

Stad kommune gjorde 24.11.19 vedtak om nynorsk som målform.

Sunnfjord kommune gjorde 27.11.19 vedtak om nynorsk som statleg tenestespråk og administrasjonsspråk.

Kinn kommunestyre gjorde 11.12.19 vedtak om nynorsk målform etter mållova og nynorsk som administrasjonsspråk.

Møre og Romsdal

Det har i Møre og Romsdal vore arbeidd med mange modellar og alternativ.

Etter folkerøystingar og endeleg handsaming i kommunane står ein att med nokre få vedtak om samanslåing.

Ålesund, Sandøy og Skodje slår seg saman til ein kommune. Ørskog har slutta seg til dette alternativet. Både Sandøy, Skodje og Ørskog er nynorskkommunar, men berre Ørskog og Skodje er medlemmer i LNK. Etter først å ha opna opp for å forhandle, takka Haram likevel nei til å vera med i dette alternativet. Ålesund er språkøytral. Som vedlegg til intensjonsavtalen om regionkommune Ålesund er det laga reglar for språkbruk i den nye kommunen. Her vert det slått fast at den nye kommunen skal ha nynorsk som målform, med moglegheit for bruk av

bokmål for sakshandsamarar i det daglege arbeidet og i brev til innbyggjarar o.a.

Herøy og Sande gjekk i desember 16 inn intensjonsavtale og skal gjennomføre folkerøysting i januar 2017. Avtalen har nynorsk som målform i den nye kommunen.

Norddal og Stordal gjekk også i desember 16 inn intensjonsavtale om samanslåing, med nynorsk som målform.

Molde, Nesset og Midsund har gjort vedtak om å slå seg saman. Midsund er nynorskkommune, men ikkje medlem i LNK. Molde er språknøytral, men er i praksis bokmålskommune. Nesset er registrert som nynorskkommune, men er i praksis språknøytral. Språk er ikkje nemnt i intensjonsavtalen for Molde-regionen.

Fræna og Eide har gjort vedtak om samanslåing. Fræna er språknøytral, medan Eide er bokmålskommune.

Halsa og Rindal har gjort vedtak om å skifta fylke til Sør-Trøndelag.

Fylkesmannen sitt framlegg:

Fylkesmannen føreslår talet på kommunar vert redusert frå 36 til 16 kommunar på kort sikt og ein vidare reduksjon til 7 kommunar på lengre sikt. Som første steg tilrår fylkesmannen at desse kommunane slår seg saman:

- Ålesund, Skodje, Sandøy, Sula, Haram, Giske.
- Molde, Midsund, Nesset, Aukra, Gjemnes (unntatt Bergsøya)
- Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Gjemnes (Bergsøya)
- Ørsta, Volda, Hornindal
- Ulstein og Hareid
- Fræna og Eide
- Sykkylven og Stranda
- Herøy og Sande
- Rauma
- Sunndal
- Vestnes
- Surnadal
- Aure og Halsa
- Norddal, Stordal, Ørskog

- Vanylven
- Smøla

På lenger sikt skisserer fylkesmannen desse 7 kommunane i fylket:

- Nye Ålesund med Ålesund, Sula, Giske, Skodje, Haram, Ørskog, Stordal, Norddal og deler av Sandøy.
- Nye Molde med Molde, Fræna, Aukra, Misund Vestnes, Rauma, Eide, Nesset og Gjemnes (utan Bergsøya) og småøyane i Sandøy.
- Nye Kristiansund med Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Aure, Halså, Smøla og deler av Gjemnes (Bergsøya).
- Nye Hareid med Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven
- Nye Ørsta, Volda og Hornindal
- Nye Sykkylven og Stranda
- Nye Surnadal og Sunndal

Fylkesmannen går inn for at Rindal flyttar over til Sør-Trøndelag.

Oppsummert status for nynorsk/språkdelt område i Møre og Romsdal pr. 30. september:

Ålesund, Sandøy og Skodje slår seg saman. Ørskog har slutta seg til dette alternativet. I tillegg har Stortinget gjort vedtak om at Haram også skal inn i Ålesund kommune.

Molde, Nesset og Midsund har slått seg saman til Molde kommune.

Fræna og Eide har slått seg saman til Hustadvika kommune.

Norddal og Stordal har slått seg saman til Fjord kommune

Halså og Rindal skiftar fylke til Sør-Trøndelag. Rindal har i desember 16 på nytt gjort vedtak om å halda fram som eigen kommune. Halså har slått seg saman med Hemne og Snillfjord til Heim kommune.

Regjeringa og Venstre la, i avtalen av 22.02.17, opp til tvangssamanslåing av Haram med Ålesund, Sandøy, Skodje og Ørskog i Møre og Romsdal. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017. Både Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog er nynorskkommunar, men berre Haram, Ørskog og Skodje er medlemmer i LNK.

Hustadvika kommune er språknøytral.

Heim kommune har gjort vedtak om å vera språkøytral, slik dei tre gamle kommunane også var.

Nye Volda kommune gjorde 24.10.19 vedtak om nynorsk som målform og nynorsk som administrasjonsspråk.

Fjord kommunestyre gjorde 30.10.19 vedtak om nynorsk som målform og nynorsk som forvaltningspråk.

Nye Molde kommune gjorde 14.11.19 vedtak om å vera språkleg nøytral, men legg vekt på likeverd mellom bokmål og nynorsk. Begge målformene skal praktiserast og fullt ut respekterast som kommunens administrasjonsspråk.

Ålesund kommunestyre gjorde 12.12.19 vedtak om nynorsk som målform etter mållova. Kommunen vedtok også nynorsk for den nye kommunen i tråd med intensjonsavtalen og har sett ned eit utval som skal utarbeida eit framlegg til språkbruksplan. Språkbruksplanen skal klargjere og regulere bruken av både nynorsk og bokmål i Ålesund kommune. Det er venta at kommunestyret skal vedta den nye planen hausten 2020.

Regionreforma:

Stortinget slutta seg til premissene i regjeringa sitt forslag om å dela dei 19 fylka i landet inn i om lag 10 regionar. Fylkeskommunane hadde frist til å kome med sine tilrådingar innan 1. desember 16. Dette vart handsama i Stortinget parallelt med kommunereforma våren 2017.

Då regionalisering, samanslåing av fylke, var tema for ti-tolv år sidan, stranda reforma på manglande vilje i regjering og Storting til å delegera makt og oppgåver ut til regionane. Tendensar i oppgåvemeldinga, til dømes det å overføra oppgåver frå fylkeskommunane til dei største primærkommunane (tannhelseteneste, kollektivtrafikk, vidaregåande skular m.m.) – heller enn å overføra statleg ansvar, syner at det lett kan bli slik denne gongen og. På KS sitt Kommunalpolitiske toppmøte 2015 (Kommunedagane) var mellom andre Jonas Gahr Støre tydeleg på at AP ville styrkja det regionale nivået og heller tilføra nye oppgåver enn å fjerna dei som alt er der.

Hovudstyret i KS er også tydelege på at det folkevalde regionale nivået må styrkjast, mellom anna ved å overføra fleire oppgåver frå staten til fylkeskommunane. KS nemner konkret m.a. Kulturrådets forvaltning av kulturmidlar; ei oppgåve som også LNK ved fleire høve har peika på vil eigna seg godt å flytta nærare brukarane, altså til fylkeskommunen/regionen.

Det er opna opp for at dei nye regionane skal styrkast med nye oppgåver. Ekspertutvalet som kommunal- og moderniseringsministeren sette ned 13. juni 2017 for å vurdera dette, overleverte rapporten sin til kommunalministeren 1.februar 18. Utvalet tilrår at dei nye fylkeskommunane får tilført ei rekke nye oppgåver innanfor følgjande hovudområde:

- Næring, kompetanse og integrering
- Klima, miljø og naturressursar
- Samferdsel/infrastruktur
- Kultur og kulturminnevern
- Helse og levekår

Ekspertutvalet tilrår også at dei nye fylkeskommunane får ansvaret for ei rekke tilskots- og prosjektmidlar med relevans for dei nye oppgåvene. Dette er midlar som i dag vert forvalta av departement, direktorat og regional statsforvaltning.

Utvalet tilrår nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDi, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva. I tillegg inneber tilrådingane nedlegging av Bufetat.

Forslaga inneber flytting av nær 24 milliardar kroner i forvaltningsoppgåver og nær 5000 arbeidsplassar frå staten til kommunane, og er omfattande.

Det regionale politiske nivået er viktig for å halda oppe det norske språkssystemet, og for å hindra fragmentering av ansvaret for det nynorske språket. Regionnivået, fylkeskommunane, bør styrkjast, både ved at dei får tilført nye oppgåver, men gjerne også gjennom ei utvikling av nye, sterke regionar. I slike prosessar er det viktig å ha med ei forståing av språklege problemstillingar.

Regjeringa, saman med Venstre og Krf, presenterte 22.02.17 ein avtale med samanslåing av fylka til 10 regionar, og har dermed sikra fleirtal for denne løysinga i Stortinget.

Regjeringa presenterte 5.april 2017 dei nye oppgåvene til dei nye regionane der ansvar for kjøp av innanlandske flyruter, tilskot til private lufthamner, ansvar for statlege fiskerihamneanlegg, tilskotsmidlar innan landbruket og ansvar for kultur- og kulturminneoppgåver er blant desse.

Regionreforma fører til at 19 fylkeskommunar blir redusert til elleve, 10 fylke og Oslo kommune med fylkeskommunale oppgåver. Sør- og Nord-Trøndelag slo seg saman 1. januar 2018. Resten av fylkessamanslåingane skjedde 1.1.2020.

Regjeringa la 19. oktober 2018 fram melding til Stortinget om oppgåver til nye regionar . KS har rekna ut at oppgaveoverføringa vil tilsvara om lag 100 nye arbeidsplassar i fylkeskommunane, medan ekspertutvalet rekna at forslaga deira ville føra til flyttinga av nær 5000 arbeidsplassar. Det er i meldinga ikkje lagt opp til nedlegging av statlege institusjonar, slik ekspertutvalet føreslo. Oppgaveoverføringa blir på langt nær så omfattande som ekspertutvalet tidlegare føreslo. Oppgåvene som skal, eller blir vurdert overført, er innan klima og miljø, integrering, næringsutvikling, barnevern og folkehelse, samferdsel og kultur. Stortingsmeldinga finn du her:

[Meld. St. 6 \(2018–2019\)](#)

Det var venta at kulturmeldinga «Kulturens kraft», som vart lagt fram 23. november 18, skulle vera meir konkret om overføring av oppgåver på kulturfeltet. Ekspertutvalet føreslo ei rekkje oppgåver som kunne overførast til fylkeskommunane. Forslaga fekk stor motbør i høyringa, og lite er med vidare i kulturmeldinga. Det vert her, som i stortingsmeldinga, føreslått vidare utgreiingar, vurderingar og forhandlingar på mange område.

Den 05.05.20 kunngjorde kulturminister Abid Q. Raja at regjeringa bestemt ikkje å gå vidare med forslaga om å overføre eit større ansvar på kulturområdet til fylkeskommunane. Stor motstand frå kulturinstitusjonane er ei viktig årsak for avgjerda.

Dermed er det berre tilskotsmidlane til regional bransjeutvikling, innan kulturelle og kreative næringar, som blir overført til fylkeskommunane. Det tas sikte på å innlemma desse tilskotsmidlane i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 1.1.2021.

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland forhandla fram ein intensjonsplan for Vestlandsregionen, der mellom anna oppgåvene er fordelt mellom dei tre fylka. Oppgavefordelinga mellom fylka går LNK ikkje nærare inn på, men vil konsentrera seg om den delen av avtalen som omhandlar språk.

I intensjonsplanen heiter det at: «Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.» Det er ikkje slått fast at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Dette har det i etterkant kome sterke reaksjonar på. Vestlandsregionen er det nynorske kjerneområdet. 67 av kommunane i desse tre fylka er nynorskkommunar, 15 er nøytrale og tre brukar bokmål. Den nye regionen vil vera ein stor produsent av skriftleg materiale. Det vil såleis vera eit stort tilbakesteg for nynorsken om ikkje dette skjer på nynorsk, med same omfang som i dag. Ein ny stor vestlandsregion burde ha gode føresetnader for styrking av nynorsken. Då må nynorsk vera administrasjonsspråket.

Dei tre fylkesordførarane stadfesta alle i ettertid at det ikkje var tatt endeleg stilling til kva administrasjonsspråk den nye regionen skulle ha. Dette skulle avklarast i den vidare prosessen. Dersom resultatet hadde blitt noko anna enn nynorsk som administrasjonsspråk, ville dette vore den enkeltsaka som klart ville fått dei største språklege negative konsekvensane samla i heile kommune- og regionreforma.

Status pr. 30.09.20:

Sogn og Fjordane og Hordaland har frå 1. januar 2020 slått seg saman til eit fylke, medan Rogaland har sagt nei.

I høyringa til planane om å slå saman Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til storfylket Vestlandsregionen, kom det inn 859 høyringssvar. Over 700 av desse går inn for nynorsk i det nye storfylket, ut frå tal frå Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag.

Regjeringa, Venstre og Krf la, i avtalen av 22.02.17, opp til at Hordaland og Sogn og Fjordane slår seg saman og at Rogaland held fram som eige fylke. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane vedtok i møte 27. okt. 17 at namnet på det nye fylket skal vera Vestlandet. Namnevedtaket skapte mange reaksjonar. Stortinget vedtok 7. juni 18 at det nye fylket skal ha namnet Vestland.

I Vestland fylke er det 41 nynorskkommunar og 2 språknøytrale kommunar. Fleirtalsmålforma er nynorsk.

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune gjorde 17.12.19 vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk og nynorsk som målform i skriv frå statsorgan.

Nettverket Nynorskfylket Vestland hadde oppstartsmøte 23.06.20 og inviterer næringsliv, offentlege aktørar, lag og organisasjonar til å bli med og styrke nynorsken både i fylket og nasjonalt. Det er eit ynskje om å skape ein arena for deling, inspirasjon, fagleg påfyll og språkpolitiske diskusjonar knytt til nynorsk. Dette er ei vidareføring og utviding av nettverket Nynorskfylket som vart oppretta av mellom andre Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014.

Telemark, Buskerud og Vestfold

Fylkestinget i Vestfold har vedtatt at Telemark og Buskerud er deira fyrsteval for samanslåing.

Fylkestinget i Vestfold har gjort vedtak om bokmål målform i skriv frå statsorgan, medan Buskerud har vedtak om språknøytral målform. Forslag i Telemark fylkesting (sak 99/2014) om endring til språknøytral fylkeskommune vart der nedstemt. Fylkestingssekretæren skriv: «Vi skriver nynorsk i alt av møteinnkallinger, møteprotokoller og saksfremlegg i alle våre politiske saker og til alle råd, utvalg og fylkesting.» Telemark fylkeskommune har såleis praktisert nynorsk i sitt arbeid opp mot politiske fora. Dette blir nok likevel ein region der nynorsken lett vil tape terreng og bokmålet blir meir dominerande. Det er difor viktig at det vert utarbeid reglar for språkbruk i den nye regionen, for å sikre det nynorske skriftspråket.

Status pr. 30.09.20:

Telemark fylkesting sa nei til samanslåing med Vestfold. Fleirtalet i Telemark ynskte samanslåing med Vestfold og Buskerud.

Fylkestinget i Vestfold vedtok samanslåing med Telemark og Buskerud og at det vert gjennomført nye forhandlingar mellom dei tre fylka.

Buskerud hadde forhandlingar med Østfold og Akershus og gjorde positivt vedtak om samanslåing. Både Østfold og Akershus sa derimot nei til region Viken.

Regjeringa, Venstre og Krf la likevel, i avtalen av 22.02.17, opp til at Telemark og Vestfold slår seg saman og at Buskerud slår seg saman med Østfold og Akershus. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Denne nye regioninndeling vil nok svekka nynorsken og auka dominansen av bokmål i desse områda. Stortinget vedtok 7. juni 18 Vestfold og Telemark - og Viken, som namn for dei to nye fylka.

Vestfold og Telemark fylkeskommune vedtok 19.11.19 at fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral. Det skal utarbeidast framlegg til språkbruksplan for språkmangfald og klar tale for fylkeskommunen, som m.a. legg opp til minimum 25% nynorsk. I det nye fylket er det 3 bokmålskommunar, 8 nynorskkommunar og 12 språknøytrale kommunar. Fleirtalsmålforma er nøytral og fylket har også krav til nøytral målform i skriv frå statlege organ.

I Viken fylke er det 35 bokmålskommunar, 3 nynorskkommunar og 13 språknøytrale kommunar. Fleirtalsmålforma er bokmål og fylket har krav til nøytral målform i skriv frå statlege organ.

Hedmark og Oppland

Fylkestinga i Hedmark og Oppland har gjennomført utgreiing av region Innlandet og behandla denne i dei respektive fylkestinga.

Dette blir nok også ein region der nynorsken lett vil tape terreng og bokmålet blir meir dominerande. Det er også her viktig at det vert utarbeid reglar for språkbruk i den nye regionen, for å sikre det nynorske skriftspråket.

Status pr. 30.09.20:

Begge fylkestinga sa nei til samanslåing til region Innlandet.

Regjeringa, Venstre og Krf la likevel, i avtalen av 22.02.17, opp til at Hedmark og Oppland slår seg saman. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

Denne samanslåinga vil nok også føra til eit større press på nynorsken i den nye regionen. Stortinget vedtok 7. juni 18 at fylket får namnet Innlandet.

I Innlandet fylke er det 7 nynorskkommunar, 22 bokmålskommunar og 17 språknøytrale kommunar. Fleirtalsmålforma er bokmål og fylket har krav om nøytral målform i skriv frå statlege organ.

Møre og Romsdal

Det er ikkje kjent om Møre og Romsdal har vore i konkrete forhandlingar om samanslåing. Det har vore samtalar med Trøndelag, men desse er ikkje ført vidare til forhandlingsbordet. Det har heller ikkje samtalane med naboen i sør.

Status pr. 30.09.20:

Fylkestinget i Møre og Romsdal har vedtatt at fylket skal stå åleine framover.

Regjeringa, Venstre og KrF la, i avtalen av 22.02.17, opp til at Møre og Romsdal held fram som i dag. Stortinget stadfesta dette i sitt vedtak 8. juni 2017 og seinare i desember 2017.

I Møre og Romsdal fylke er det 16 nynorskkommunar og 10 språknøytrale kommunar. Kommunereforma har ført til at det no ikkje er fleire bokmålskommunar att i fylket (i tillegg til Hustadvika er også Molde og Kristiansund no språknøytrale).

Fleirtalsmålforma er nynorsk og fylket har krav om nynorsk i skriv frå statlege organ.

LNK vil følgja arbeidet med etablering av ny kommune-/fylkes-/regionstruktur, inntil dei nye kommunane som skal leggja fram politiske saker om språkbruken i løpet av 2020, får gjort dette. LNK vil gjerne vera rådgjevar i dette arbeidet.